




VEG OG VIRKE

I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 2

MAI 1981

9. årg.



VEG OG VIRKE

I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 2

MAI 1981

9. årg.

BEDRIFTSAVIS FOR VEGVESENET I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Redaksjonsutval:

Andor Wicken
Arne Johnsen
Terje Haug

Redaksjonsråd:

Ulf Myhre
Tore Hoëm
Ottar Brudeseth
Per Dalsbø
Olaus Winther
Oddmund Gussiås

Redaksjonssekretær:

Terje Haug
Utgitt av Statens Vegvesen,
Vegkontoret Møre og Romsdal.

Redaksjonens adresse:

Fylkeshuset,
Julsundvegen 1 B, 6400 Molde

Sats og trykk:

Jan Betten & Sønn's Trykkeri, Tingvoll

Opplag: 1750

Medarbeidarar:

Magne Flemsæter
Kristian Furland
Sverre Hjelvik
Arne Johnsen
Per Leikanger
Terje Lindstad
Geirmund Nordal
Bjarne Rekdal
David Strømme
Gunnvor Gjellan Sund
Arne Inge Torvik
Odd Terje Waldal
Andor Wicken

Innhald:

- 3 Informasjon
- 5 Reduserte investeringar i fylkesvegnettet i 1981
- 6 Dekkforskrifter
- 7 Timeglass
- 8 T-1
- 12 Nye kontorlokale for vegkontoret
- 13 Forsøk på danninge av en pensjonistforening
- 16 Den gamle Vegsundbrua
- 18 Landingsvør for skysskiftet Hellesylt
- 21 Ny og fastere organisering av trafikktryggingsarbeidet i fylket
- 24 Kryssord
- 26 Lab-nytt
- 27 Betaling for vegarbeid i 1829
- 28 Kan vi bygge veger som ikke iser — med bærelag av sementstabilisert grus?
- 31 Då nyvegen vart til
- 35 Nynorskkurs
- 36 Vi gratulerer
- 37 Særavtalen om medbestemmelse er klar

INFORMASJON

Informasjonsutvalet i Statens vegvesen, med avdelingsdirektør Kaare Flaate som formann, har nyleg gitt ei instilling om informasjonsverksemda i Statens vegvesen.




Avd. direktør Kaare Flaate.

Instillinga går grundig inn på både intern informasjon (mellom dei tilsette) og den informasjonen som vender seg utetter (ekstern informasjon). Plikt til informasjon er frå før fastlagt i avtaleverk og regelverk. Det gjeld mest å finne tenlege former for informasjonsutvekslinga.

Alle tilsette utgjer ein lekk i ei informasjonsverksemd, og god informasjon går ikkje berre ein veg. I utgangspunktet bør kvar einiskild arbeidstakar i etaten vere den som best kan orientere om det arbeidet vedkommande held på med. Informasjonsutvalet skriv i innstillinga si under avsnittet «Ansvar»:

«Utvalget er av den oppfatning at i utgangspunktet bør den enkelte arbeidstaker kunne uttale seg og gis muligheter for å uttale seg innen sitt eget ansvarsområde.

Utvalgets grunnleggende syn er at informasjonsrett og informasjonsansvar skal delegeres i størst mulig utstrekning. Det krever imidlertid at den enkelte ansatte er klar over sin begrensning og ikke går ut over sitt kompetanseområde.»



Mannen som grev i vegen veit best kvifor han grev der, og kan og lettast gi svar på kor lang tid gravinga tek.



Det er heilt rimeleg å vente at oppsynsmannen og andre arbeidsleiarar under påvising og drøfting av arbeidsoppgåva har orientert mannen på arbeidsplassen om føremålet med arbeidet han er i ferd med, kva arbeidstiltak som skal følgje etter, og korleis det heile er planlagt å skulle bli til slutt.

Det er viktig at avdelingar og seksjonar ved vegkontoret held arbeidsleinga ute i drifta vel orientert om planar og arbeidsopplegg, slik at arbeidsleiarane ute etterpå kan tene som nyttige informasjonsorgan. Arbeidsleiarar ute i drifta har nemleg

ei vid kontaktflate mot trafikkantar, transportbrukarar, transportutøvarar, grunneigarar, administrasjon og politikarar i lokalsamfunnet.

Eg ser fram til at dei vegstasjonane som vi etter kvart får etablert må bli bru hovud for informasjon, og at dei i lokalsamfunnet som søker informasjon vedkomande planar og vegarbeid, opplysningar om vegtilstand m.v. kan få det ved å vende seg til vegstasjonane, ved personleg samtale på kontoret der, gjennom telefonsamtalar, over automatisk telefonsvarar eller gjennom oppslagsteneste.

Arne Inge Torvik

REDUSERTE INVESTERINGAR I FYLKESVEGNETTET I 1981

Vegvesenet er avhengig av økonomiske midlar frå kommunar og fylkeskommune til å drive anleggsarbeid i fylkesvegnettet i fylket vårt. Den økonomiske situasjonen som fylkeskommunen er i dag, har ført til at løyvingane til fylkesveginvesteringar er blitt sterkt reduserte. Etter år med relativt jamn investeringstakt, vil 1981 bli prega av sterk nedgang i anleggsdrifta på fylkesvegane.

Til no er det for 1981 fordelt 13,65 mill. kroner til investeringar på parcellar i fylkesvegnettet. Av dette beløpet er kr. 1 855 000,- løyvd til dekkeleggingsarbeide. Desse løyvingane går med til fullføring og fullfinansiering av byggjestege på anlegg som alt er i drift. På grunn av dei dårlege utsiktene for løyvingar til fylkesveginvesteringar i åra som kjem, har ein ikkje kunna sett i gang nye anleggsarbeid. Ein har heller måtta konsentrera seg om å fullføre igangsett arbeid for å kunne gjere seg nytte av den kapital som alt er lagt ned i ikkje ferdigarbeide anleggsparsellar.

Det står att eit nettobeløp på kr. 2 461 000,- for seinare fordeling av fylkestinget på anlegg i fylkesvegnettet. Desse midlane vil venteleg i stor utstrekning gå til mindre tryggingstiltak som til dømes oppsetting av rekkverk, skilting og tiltak i samband med «Aksjon skoleveg» rundt om i fylket. Dessutan er kr.

1 405 000,- løyvd som fylket sin del til diverse utbetringsarbeid, herunder miljøtiltak, på fylkesvegane i kommunal regi.

Til no har desse fylkesvegane fått løyving på 1 mill. kroner eller meir:


Fv 010	Skogevatn-Sande/Herøy
Fv 047	Ekset-Volda/Ørsta
Fv 071	Straumgjerde-Gjevenes (ferjekai Hundeidvik)
Fv 107	Stette-Skodje/Ålesund
Fv 215	Aukra/Fræna-Malme
Fv 392	Flatholmen ferjekai
Fv 343/344	Tiset-Lomundsjø/ Høgholt-Fredriksli

Desse 4 fylkesvegane har fått løyvingar på mellom 400-700 000 kroner:

Fv 026	Hasund-Dimna rundt
Fv 146	Slyngstad-Skjelten
Fv 195	Tjelle-Buvik
Fv 370	Gullstein-Tømmervåg

Den løyvinga som ellers er fordelt, har gått til i alt 19 fylkesvegar med løyvingar varierende i storleik frå 60 000-250 000 kroner.

Odd Terje Waldal



DEKKFORSKRIFTER

Vi har inntrykk av at det blant mange bileiere gjør seg gjeldende nokså store misforståelser vedrørende dekkforskriftene, noe som kan ha sammenheng med at det ihvertfall hos noen bilverksteder, bensinstasjoner og dekkforhandlere gis ufullstendige opplysninger.

Her vil vi derfor repetere de viktigste bestemmelsene.

Piggdekk

Det går heldigvis nå mot den tiden hvor piggdekkene kan skiftes ut med sommerdekkene. Ifølge kjøretøyforskriftene må ikke piggdekk, kjettinger o.l. brukes i perioden *1. mai - 15. oktober* med mindre særlige føreforhold gjør det nødvendig.

Vanligvis vil det på våre kanter av landet være mulig å benytte sommerdekk ifra omkring midten av april. Vi vil anbefale, både for å unngå unødvendig vegslitasje og for å bedre veggrepet, at piggdekkene byttes ut med sommerdekk så snart det er forsvarlig.

Mønsterdybde

Ifølge betemmelsene skal dekk ha mønstret slitebane med mønsterdybde på **1 mm eller mer** over hele slitebanens bredde og hele dekket omkrets.

Det er imidlertid på det rene at større mønsterdybde vil kunne gi bedre



trafiksikkerhet. Bl.a. Trygg Trafikk har derfor gått inn for å øke mønsterdybden, men foreløpig stiller myndighetene seg avventende til det på grunn av de økte kostnadene økt mønsterdybde vil medføre.

Som bilfører må du imidlertid huske at jo mer slitt dekket blir, desto vanskeligere blir det for dekket å fortrengne vannet på regnvåt veg. Til slutt kan det derfor bygge seg opp en pute av vann under dekkene slik at bilen egentlig flyter. Vannplanning, som dette heter, vil kunne føre til at du mister kontrollen over bilen.

Hjulustrustning

Ifølge bestemmelsene skal hjul på samme aksel ha dekk med tilnærmet samme egenskaper.

Merk at dette gjelder hjul på samme aksel. Dekkmønstrene behøver derfor ikke å være like på for- og bakaksel, noe som ofte blir hevdet.

Radial-Diagonaldekk

Dersom det skal brukes både radial- og diagonaldekk på samme bil, skal diagonaldekkene være foran og radialdekkene bak.

Reservehjul

Det er ikke nødvendig å ha både sommerdekk og piggdekk som reservehjul. Ved f.eks. punktering kan vi for en kort periode bruke piggdekk på sommerføre eller sommerdekk på vinterføre. Såvel bremseeffekten og kjøreegenskapene til bilen blir imidlertid ved slike anledninger vesentlig forringet, noe vi må ta i betraktning ved den videre kjøringen.


Er du fortsatt i tvil om forskriftene? Ta kontakt med nærmeste biltilsynsstasjon.

Arne Johnsen



**Med bøyde knær
og ryggen rak
vil løfting bli
en enkel sak!**

VENN OG HELPER



TIMEGLASS

Av Gunnvor Gjellan Sund.

Ein time kan vera so ljøs og lett,
du tarv ikkje kjenna at han er til —
Og likevel veit du kva han deg vil,
den timen.

Ei stund kan vera so lang og sjuk,
ho slit på timane, et og gneg —
Ho tek ikkje ende, men tyner deg,
den stundi.

Du danser so lett yver vegen din
med sinn og sansar so fylt av sang —
Kan hende legg han ei bær i ditt fang,
den dansen.

Ein framand til møtes ein dag du gjeng,
men augo dine er vende mot jord —
Du gjev honom korkje hand eller ord,
ein framand.

So fredlaus gjeng ugjord gjerning kring,
kan hende du møter han att ein dag,
han som vart gløymd av ditt hjartelag —
so fredlaus.

Og året som sand millom fingrar renn,
dei timar, den stundi og dansen med —
Det vart berre skuggar av ljøs og fred
det året.



T-1

Vegvedlikehaldsomsråde T-1 ligg i øyriket på Ytre Søre Sunnmøre og omfattar kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Vanylven og 8 km. veg i Volda kommune.

Vi har 154 km. riksveg og 180 km. fylkesveg, 13 ferjekaier, 2 strøsand-anlegg og 5 tunneler. Standarden på vegnettet er variabel. Vi har veger med god standard, men vi har også veger som må karakteriserast som dårlege. Gjennomsnittleg er standarden her som i resten av fylket.

Om vi no tek eit attersyn, 10 - 15 år tilbake, så trur eg vi alle er einige i at vi har hatt ei god tid med heving av vegstandarden og legging av faste dekker.

Vi har fått 3 store bruer, Herøybrua, Nerlandsøybrua og Remøybrua. Til hausten 1981 står Rundebrua ferdig. Dette er vi svært takksame for, det gjer at vedlikehaldet får ein større aksjonsradius utan å bruke ferjer og kan kome snøggare fram.

Dei neste bruene vi ser fram til vedlikehaldsmessig sett er flytebru frå Saudeholmen til Koparnes, fast bru Voksa — Åram og flytebru Voksa — Kvamsøy. Vi får då knytt saman heile vårt vedlikehaldsomsråde, og er det nok optimisme, vert det alltid ei råd her også, sjøl om det no ser ut til å verte trongare tider.

Vi har ein vegstasjon på Gurskøy og ei veggargasje på Eidså.

På Eidså har vi 1 lastebil, 1 motorhøvel, 1 shovel, 1 Pickup varebil. Her arbeider 1 verkstedmann og 5 vegtenestemenn.

På Gurskøy har vi 1 motorhøvel, 2 lastebilar, 1 shovel og 4 små varebilar. Her arbeider 1 reisereparatør felles for T-1 og T-2, 1 verkstedformann og 8 vegtenestemenn. To av desse tek seg av funksjonen orden langs veg i heile distriktet (skilting, oppmerking m.m.)

Vegvedlikehaldet på Sandsøy og Kvamsøy vert utført av ein vegtenestemann frå Kvamsøya.


Vi har kontor i Ulsteinvik sentrum, der har vi halde til sidan 1965. Her er 4 tilsette: kontordame i 4/5 stilling, 1 oppsynsmannsass., 1 oppsynsmann og ein vegmeister.

Vegvesenet har kjøpt ny vegstasjonstomt på ca. 14 mål, i Dragsund på Gurskøy. Her er eit industri- og utbyggingsomsråde, så der burde vi sikra oss eit tilleggsareal mens det enno er plass å ta av. Vi har grovplanert ferdig 9 mål av tomta.

Våre planer for 1981 er at anlegg og vedlikehald skal få felles kontor i ein brakkeleir, på den nye vegstasjonstomta, før ferien.

I tillegg til dette har vi sterke ynskjer om å få bygd ein kombinert verksted/lagerhall på den nye vegstasjonstomta.


Forts. side 34



JOHAN NYBØ
VEGMEISTER



EINAR LILJEBØ
SPESIALARBEIDER



MAGNAR KÖPPERNES
VERKSTEDSMANN




ATLE BAKKEN
REISEREPARATÖR




PER LEIKANGER
OPPSYNSMANN



JORUN OKSAVIK
KONTORASSISTENT



ARNSTEIN OSE
OPPSYNSMANN



KJELL KNARDAL
SJAFOER




ARTHUR SOLBAKKE
MASKINFORER



EINAR NYGARD
MASKINFORER



TORALF MOLTUBAKK
MASKINFORER



JON RINGSTAD
MASKINFORER



JONI GARNES
SJAFOER



MAGNAR MYRENE
SJÅFØR




JAN ROPPEN
SPESIALARBEIDER



ODDEBJØRN HUSØY
SPESIALARBEIDER



JON KJØSO
SPESIALARBEIDER



KJELL MOEN
MASKINFØRER




ODDVAR HÅNES
MASKINFØRER



OTTAR RINGSTAD
SPESIALARBEIDER




PETTER LYSTER
VERKSTEDFORMANN



KARL KVAMME
SPESIALARBEIDER

Fylkeshuset Molde Byggetrinn II Arkitekt K. P. Bugge Ark. M.N.A.L.



Nye kontorlokale for vegkontoret

Fylkeshusa på Reknes klarer ikkje lenger å oppfylle dei plassbehova dei einskilde etatane har for kontorareal. Difor har det lenge vore planar for utviding av fylkeshuset, og desse ligg no føre. Det er framlagt ferdig forprosjekt for utvidinga, og fylkestinget har gitt sin tilslutnad til at det blir sett i gang detaljplanlegging av prosjektet. Ein ventar at innflytting kan skje i 1984.


Byggjeste II blir eit tilbygg til byggjeste I. Det er planlagt i 6 etasjar, og med eit nettoareal på om lag 8 800 m² blir det samla kontorarealet fordobla. Utvidinga gir etatane betre kontorplass, samstundes som det blir høve for nye etatar å få kome inn i fylkeshuset. Byggjekostnaden er rekna til 70 mill. kroner. Finansieringa syter Kommunal Landspensjonskasse for, medan dei einskilde etatane berre blir belasta med høgare husleige.

For oss på vegkontoret vil utvidinga av fylkeshuset representere ei vesentleg betring av kontortilhøva. Vi har no vår kontorplass i 3. etasjen i eit kontorlandskap som for lengst er overbefolka. I tillegg til noverande lokale som dels blir ombygd, får vi også lokala i 3. etasjen i næraste nyfløya. Dette gir oss om lag 50% meir kontorplass. Etter innflytting i det nye fylkeshuset vil vi få ei blanding av cellekontor og kontorlandskap, med ca. halvparten av arbeidsstokken plassert i kvar av desse kontorformene.

Utvidinga gir også høve til om ønskeleg å plassere distriktslaboratoriet og leiarane for maskinavdelinga saman med resten av vegadministrasjonen.

Dei fleste ved vegkontoret ville i dag foretrekt cellekontor framfor kontorlandskap. Ettersom halve arbeidsstokken må sitje i kontorlandskap også etter utvidinga, representerer den valte løysinga for utvidinga ikkje noko fullgod løysing for vegkontoret. Men det er klart at utvidinga av fylkeshuset gir oss ei betring av kontortilhøva som vi alle ser fram til.

Odd Terje Waldal



**STUMP
RØYKEN
FOR
GODT.**

Mindre hoste,
lettere pust,
bedre helse.

Forsøk på dannelse av en pensjonistforening for vegvesenet i Møre og Romsdal.

Etter at den enkelte arbeidstaker avslutter sin arbeidsdag i etaten og går over i pensjonistenes rekke, skjer det en betydningsfull endring i livssituasjonen. Kanskje ikke alle er like godt forberedt til det nye «liv» de skal leve.

For de fleste mennesker synes det naturlig at man som pensjonist opprettholder kontakt med og interessen for den virksomhet man har hatt sitt daglige virke i gjennom sin yrkesaktive tilværelse.

Vegvesenet som er en betydelig arbeidsplass, pensjonerer hvert år et stort antall arbeidstakere. Vegvesenet har således mange pensjonister spredt omkring i fylkets kommuner. Vi bør vel her også vise til det stadig voksende antall «yngre» pensjonister idet som kjent vegtjenestemenn nu har anledning til å la seg førtidspensjonere allerede fra fylte 62 år dersom de ellers fyller vilkårene for førtidspensjon.



På linje med ansatte for øvrig har vegvesenet ønsket å gi tilbud om aktuelle velferdstiltak også for pensjonistene i etaten. Utenom de midler som kan ventes å bli stillet til rådighet for velferdstiltak, vil pensjonistene kunne få mulighet til å nytte vegvesenets bygninger o.l. til velferdsformål. Gjennom etatens bedriftsaviser får den enkelte informasjon om de viktigste tiltak i vegvesenets virksomhet. Dette gjelder således også velferdstiltak m.m. som vedrører våre pensjonister.

Vi anser det rimelig at pensjonistene selv kan få være med å ta avgjørelse når det gjelder bl.a. bruk av velferdsmidler og gjennomføring av tiltak som tjener pensjonistenes interesser. Hva er da mere naturlig enn at man tenker på dannelse av en pensjonistforening i etaten?

Vi kjenner til at andre større virksomheter i Staten så som Televerket og N.S.B. allerede har hatt aktive pensjonistforeninger i en årrekke. Også innenfor vegvesenet er interessen våknet for en egen pensjonistorganisasjon. Vi kan således nevne at Rogaland er et foregangsfylket i så måte.

En pensjonistforenings formål vil være å søke å verne om medlemme-

nes felles interesser innenfor sosiale, økonomiske og kulturelle områder, samtidig som den videre bør kunne stimulere samholdet mellom pensjonistene og de yrkesaktive i etaten.

I vårt vidstrakte og oppstykkede fylket kan det nok by på problemer å få dannet en handlekraftig pensjonistorganisasjon. Vi bør vel derfor ta sikte på en passende gruppedeling. Det vil si at vi kan tenke oss en organisasjon med dannelse av lag innenfor begrensede geografiske områder og med en viss naturlig tilknytning til resp. vedlikeholdsdistrikter (vegstasjoner).

Før vi går ut med et skriftlig tilbud om dannelse av en pensjonistforening, vil vi hermed gjennom vår bedriftsavis forsøke å finne ut om det blandt våre pensjonister og de av våre arbeidstakere som i overskuelig framtid skal slutte i tjenesten, kan være interesse for dannelse av en fylkespensjonistforening. Vi vil derfor gjerne at de som stiller seg positivt til dette spørsmål, fører navn og adresse på nedenstående slipp og sender den til vegkontoret eller til nærmeste vegstasjon.

Sverre Hjelvik

Jeg er interessert i å melde meg som medlem i tilfelle det blir dannet en pensjonistforening for pensjo-

nerte arbeidstakere i vegvesenet i Møre og Romsdal fylke.

NAVN:

ADRESSE:


Den gamle Vegsundbrua

som har sørget for samband over sundet siden 1937 eksisterer ikke lenger. Den luftige stålbuen med det etter hvert nokså medtatte og svekkede betongdekket fikk tilgjengelig avløsning i 1975. Nybrua — med sin flater linjeføring og mer

bastante dimensjoner — dannet ingen god harmoni med de eldre linjer. Vær og vind gjorde også sitt, og nå i februar/mars 1981 ble gamlebrua revet.

Betongdekket ble delt opp i passende elementer og til dels brukt som





plastring ved nærliggende ferjekai-er. En del av ståldelene håper en å nytte til forskjellig lager/reolkonstruksjoner, mens den brukbare steinen i landkarene kan gjøre nytte i murer o.l. i nærheten.

Det var A. Hanestadhaugen, P. Natvik, T. Pettersen og N. A. N. Sæther som stod for demontering — en til dels *svært* luftig arbeidsplass i vinterkuling og arbeidskorg 25 m. over sundet. Vel blåst!

SJIKANE

Vi konstaterer at «Veg og Virke»'s lesere — og dermed forventede bidragsyttere — er en ytterst treg forsamling. Selv på direkte oppfordring er det langt mellom reaksjonene, og de tallrike bidrag til redaksjonen uteblir. Noen få hederlige unntak finns, og disse skal få slippe å føle seg truffet.

Ellers er redaksjonens forundring stor over at den interessante arbeidsplassen som vegvesenet for oss synes å være, skal fortone seg så kjedelig for andre at det intet er å melde fra det daglige virke --- eller fra andre felt.

SKRIV!

Landingsvør for skysskiftet Hellesylt

Veginspektøren i Nordre Sunnmøre, F. Wisløff, sende i 1828 framlegg til amtmannen om bygging av ein landingsvør ved Hellesylt der hovudvegen gjekk ned til sjøen. Vøren skulle vere 22 alner lang og 3 alner brei av tømmervegger fylt med stein. Etter vedtak av amtmannen vart bygging av vøren ved lisitasjon den 10. januar 1829 bortsett til Edvard Hellesylt for 16 spd. 108 skilling, som vart betalt av amtsvegkassa. Vøren vart ferdig i 1830. Ei lita sjøbu måtte flyttast for å gje tilkomst.

I september 1831 skreiv Ole Knudsen Lundenes til amtmannen om bygging av steinvørar ved Sunnlyvsfjorden, og tok med at det bur-

de vore bygd ein vør ved Hellesylt på ein annan stad enn der vøren som var kosta av amtsvegkassa var oppsett, og som brevskrivaren meinte var til lite nytte for dei reisande.

I 1843 skreiv sokneprest H. Thaulow i Norddal prestegjeld til postmeister Bull om flytting av vøren. Brevet vart av postmeisteren sendt amtmannen, som bad om fråsegn frå veginspektøren kaptein Schjølberg. Veginspektøren fann ikkje at det mangla vøren anna enn dekkplankar og noko steinfyll, og han sytte for vøling. Men sokneprest Thaulow som frå amtmannen fekk oversendt veginspektøren sitt skriv, gjorde i 2



Hellesylt landingsvør bygd i 1848 med veg frå hovudvegen — på venstre halvdel av biletet. Vøren frå 1830 låg i elveosbukta i forgrunnen.

Foto: Kirkhorn, Molde

skriv i januar og februar 1844 greie for tilhøva både der vøren var bygd og på ny stad. Der vøren låg var den nesten ikkje til nytte. Ved fjøre sjø eller ved stor elveflaum kunne ein ikkje kome inn til den gamle vøren, skreiv soknepresten.

Etter vedtak av amtmanden vart det bygd ny vør på annan fastsett stad på Hellesylt. Arbeidet vart bortsett til Rasmus Stadem for akkordsum 90 spd. Ved synsteneste 5. juli 1848 vart arbeidet godteke. Frå hovudvegen til den nye vøren vart bygd ein 6 alner brei og 57 alner lang veg.

Etter oppgåve frå veginspektøren i 1868 var Hellesylt vør bygd av samanhengande mur med overdekke

av 6 a 8" pressa grus, 94 alner lang, 3 1/4 alner brei, og frå 6" til 4 alner høg. Frå enden av steinvøren var ei 8 alner lang og 3 alner brei trebru. Den ytre ende kvilte på eit kar bygd av tre og innvendig fylt med stein — i triangel, 4 alner breitt, 4 1/2 alner høgt og 11 alner langt. Tretropp i tverrendane. Heile vøren var 105 alner lang til ytresida av karet.

I 1959 gjorde fylkestinget vedtak om å leggje landgangsvøren ned som fylkeskommunal tilskipnad. Sunnlyven kommune hadde gjort vedtak om at vøren vart å sjå som kommunal eigedom.



Hellesylt landingsvør med veg — sett frå austsida. Vøren endar fram for sjøhuset til høgere.

I hovudvegen over elva vestafor kyrkja er Høgebru som vart ombygd i 1907. (Fotoet er frå ca. 1880)

Foto: Kirkhorn, Molde



Dette er enden av landgangsvoren på Hellesylt slik han no er — sett mot vest. Biletet syner og litt av nedste brua på Hellesylt (Hellesylt bro).

Foto: Kirkhorn, Molde

På folkemunne heiter det:
«Hellesylt bro i nittento
Høgebru i nittensju».

Dette samsvarar og med dei namn som er nytta på bruene ved avleveringstenestene i 1904 og 1908.

Bjarne Rekdal

Løsning på «Vegkryss nr. 1-81»



Vinnere ble:

1. Åsrunn Sæbjørnsen, 6427 Harøy.
2. Lars Heggen, 6390 Vestnes.
3. Else Aasen, Fylkeshuset, 6400 Molde.

NY OG FASTARE ORGANISERING AV TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET I FYLKET

Den politiske delen av trafikktryggingsarbeidet i Møre og Romsdal er frå og med 1981 kome over i ein ny og meir bindande fase enn tidlegare.

Etter vedtak i fylkestinget har **samferdselsutvalet** det politiske ansvar for trafikktryggingsarbeid i fylket. Til å legge tilrette og ta i vare dette arbeidet i praksis, er oppnemnt eit underutval under samferdselsutvalet. Dette er **Møre og Romsdal fylkes trafikktryggingsutval**, forkorta til FTU.

Det er utarbeidd instruks for dette utvalet sitt arbeid. Denne vart vedteken av fylkesutvalet hausten 1980. I samsvar med denne instruksen er det nyoppnemnt medlemmer i FTU for den valgperiode vi no er inne i. Såleis skal FTU no vere samansett av 5 medlemmer. Minst 3 av medlemmene, og mellom dei formann, skal også vere medlemmer av samferdselsutvalet. I instruksen er det teke inn at ein representant bør vere medlem av det nye «miljø- og planutvalet» i fylket.

Som faste medlemmer i FTU er valt:

1. Øystein Østensen Goksøyr, Herøy, (formann)
2. Per Helge Pedersen, Kristiansund, (nestformann)
3. Erling Korsnes, Haram
4. Kjell Furnes, Molde
5. Edel Bjørshol, Averøy

Som varamedlemmer til desse er valt:

1. Peter Borgen, Haram
2. Hans M. Ryste, Ørsta
3. Magne Skudal, Ålesund
4. Jon Rabben, Ålesund
5. Solveig Brude, Rauma

Sekretariatfunksjonen for trafikktryggingsutvalet er lagt til vegsjeffen. Her er det til dagleg overingeniør Magne Flemsæter og avdelingsingeniør Hermund Veбенstad som tek i vare dette arbeidet, og som er dei som nærast kan kontaktast.

Med det organisasjonsopplegget som her er nemnt, kan den politiske delen av trafikktryggingsarbeidet i fylket no arbeide på eit fastare grunnlag enn før m.a. i samband med det koordineringsansvar som ligg føre innafor denne sektoren. Ei viktig klarlegging av dette vil vi få når Stortinget ut på vårparten venteleg gjer vedtak om **lovfesting av fylkeskommunen sitt ansvar** med omsyn til trafikktrygging. Den lovtekst som ligg føre, som forslag til ny § 40 A i vegtrafikklova, heiter:

«Fylkeskommunen har et ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheten i fylket.»

Korleis denne lova skal tydst, og korleis den vil verke i praksis, kan bli interessant å følgje med i. — Den som lever, får sjå!

Magne Flemsæter

Trafikktryggingsutvalet i Møre og Romsdal

INSTRUKS

Vedtatt 15. september 1980 av fylkesutvalet i Møre og Romsdal i sak U-319/80 A.

§1 a.

Det politiske ansvar for trafikktryggingsarbeidet i Møre og Romsdal vert lagt til hovudutvalet for samferdsel.

b.

Fylkesutvalet oppnemner etter forslag frå hovudutvalet eit utval som skal fungere som fylkestrafikktryggingsutval (FTU) og stå føre koordineringa av trafikktryggingsarbeidet i fylket. Minst tre av medlemmene, mellom dei formannen, og minst tre av varamedlemmene, skal også vere medlemmer av hovudutvalet. Ein representant bør vere medlem av miljø- og planutvalet.

c.

Trafikktryggingsutvalet skal vere samansett av fem faste medlemmer med personlege varamedlemmer.

§2 a.

Trafikktryggingsutvalet held møte når formannen eller to av medlemmene finn det påkravd. Innkalling til møta skal vere skriftleg og sendast ut med rimeleg varsel.

b.

Fylkesordføraren, fylkesrådmannen og formannen i samferdselsutvalet har rett til å delta i utvalet sine møter og synfaringar utan stemmerett. På samme måte som medlemmene i utvalet skal desse få tilsendt innkalling til møta, saman med saksliste.

c.

Mellom anna til hjelp for den faglege saksførebuinga for trafikktryggingsutvalet vert det oppretta eit «Fagleg utval». «Fagleg utval» skal bestå av fem medlemmer; representantar for politietaten, fylket sin plan- og utbyggingsetat, skoleetat, helseetat og vegetat (vegkontor og biltilsyn). Etatane peikar sjølve ut sine representantar. «Fagleg utval» skal, forutan å vere eit organ for fagleg saksførebuing for trafikktryggingsutvalet, også vere eit organ for samråd mellom dei representerte etatane i trafikktryggingsspørsmål.

d.

Ein eller fleire av medlemmene i «Fagleg utval» kan kallast inn til trafikktryggingsutvalget sine møter som konsultative medlemmer i enkeltsaker. Som konsultative medlemmer kan også kallast inn representan-

tar for etatar som ikkje er representert i «Fagleg utval», men som likevel kan ventast å ha synspunkt og erfaringar som kan vera til nytte i sakshandsaminga. Konsultative medlemmer har ikkje stemmerett.

e.

Det skal førast protokoll over forhandlingane. Protokollen skal underskrivast av den faste, eventuelt den fungerande, formann.

f.

Sekretariatfunksjonen for trafikktryggingsutvalet vert lagt til vegsjeffen.

§3

Trafikktryggingsutvalet skal arbeide for å gjere trafikktilhøva i fylket tryggare ved m.a.:

a.

Påvirke forslag til budsjett og aktivitetar frå offentlege instansar som har mykje å seie for trafikktryggingsarbeidet, samt søkje å koordinere offentleg og privat verksemd.

b.

Uttale seg i saker av klart tryggings-

messig verd, t.d. etablering, vedlikehald og bruk av gang- og sykkelveggar, fastsetjing av fartsgrenser, tiltak for trafikkregulering, opplegg for trafikkundervisning, planar for skoleutbygging m.v.

c.

Stimulere og støtte det kommunale trafikktryggingsarbeidet.

d.

Stimulere og støtte det frivillige trafikktryggingsarbeidet.

e.

Medverke til at det vert gjennomført analyse av tryggingsmessige tilhøve på alle vegar i fylket. Der det er mogleg bør utvalet også medverke til at det vert gjort effektmålingar av gjennomførte tiltak. Utvalet bør dessutan ta initiativ til ulykkesregistrering på vegar der slik registrering ikkje alt er i gang.

f.

Ta opp alle saker som elles kan vere viktige for arbeidet med å fremje tryggleik i trafikken i Møre og Romsdal.

PÅ GODT NORSK!

I samband med at vi her på vegkontoret no går på kurs med mål å kunne gjere greie for oss på *godt norsk*, vil vi sitere frå side 45 i kostnadsstadsregistret:

68 998 08 00 Tilbakeholdt entreprenørfakturasikkerhetsstillelsesbeløp fylkesveganlegg.

Vi er alt komne langt på veg!

Det er vegmeister Otto Jøsok som med dette gjer krav på å ha funne det greiaste ordet på 43 bokstavar vi nyttar i vegvesenet!

VANNRETT


1. Trekalender
9. Lanse (foreld.)
14. Luftpostbrev
15. Kjem. symbol
16. President
17. Bolig
18. Kommentar
20. Dansk øy
24. Busker
25. Flørte
29. Tidl. pol.parti
30. Artikkel
32. Besvær
33. Skjære
36. Uthus
38. Harpiks
40. Avhandling
41. Tegn
43. Slit
44. Forestille
45. Tone
46. Bakevje
47. Minske
49. By i Etiopia
51. Ferske
53. Uro
54. Sikte
56. Negl
58. Presangene
59. Kneise
61. Tone
62. På norske fly
63. Igjen
65. Kvinnenavn
67. Fugl
71. Vannstedene
74. Land i Asia
75. Kjemisk tegn
76. Slire

LODDRETT

1. Lignelse
2. Dans
3. Fugl
4. Opphav
5. Entall fork.
6. Overbevisning
7. Elv tidligere
8. Mesterskap
9. Tosk
10. Fillete
11. Fugl
12. Gnager
13. Kilevinken
18. Sterilitet
19. Interj.
21. Belegg
22. Pron.
23. Som 40 v.
26. Bagatellmessige
27. Tjukkas
28. Anfall
31. Dråpe
34. Tsarens sønn
35. Ildsted
37. Spreke
39. Vrenge
42. Leie
44. For baskere
48. Amerika (vikingnavn)
50. Tidl. statsminister
52. Frukt
55. Indium
57. Plante
60. Pron.
63. Anno domini
64. Anerkjennelse
66. Tre like
68. Knock out
69. Ut av
70. Ytret
72. Renn
73. To like

KRYSSORD

av avd. ing. Kristian Furland



De tre først uttrukne riktige løsninger premieres med 2 lodd i Pengelotteriet. Løsningen legges i en konvolutt merket «Vegkryss nr. 2-81» og sendes Vegkontoret, Fylkeshuset, 6400 Molde, innen 18. mai 1981.

Innsender:

Adresse:


Postnr.: Poststed:

LAB- NYTT



Kvalitetsregistrering 1975 — 80. Overbygningsmassar av grus.

Distriktslaboratoriet har sidan 1975 registrert kvalitet på overbygningsmassar. Tabellen nedanfor viser T-1 innhald i % av undersøkte prøver frå bere- og forsterkningslag i perioden 1975-80.




Tabellen viser ei lei utvikling. Kvaliteten har på desse åra ikkje endra seg til det betre på grusmaterialane vi nyttar i vegbygginga. På denne

bakgrunn er det ønskeleg å stogge opp og få klart kursen vidare framover.

Utfrå prøveresultatet gjennom fleire år veit vi no kva kvalitet dei enkelte produsentar/grustak kan tilby.

Dette gir oss eit godt grunnlag for å:

- styre innkjøpa, alt etter kva material vi skal ha.



Avd. ing. G. Nordal.

- organisere produksjonskontroll, for sikring av kvalitet.
- krevje/retteleie om produksjonstiltak som sikrar kvalitet.
- sentral styring med materialvalg, og valg av alternativ for overbygninga.
- vurdere bruk av pukk i større omfang enn kva som er tilfelle idag.

Handheving av kvalitetskrava for bruk av grus til berelag spesielt, og i noko mon også forsterkningslag vil truleg også gjere pukk direkte kon-

kurransedyktig i pris, i tillegg til dei andre føremuner det er å bruke pukk i overbygninga.

Arbeidet vidare med kvalitetsregistrering og kvalitetssikring bør no som før nemnt drøftast. Det har liten hensikt å registrere kva vi brukar, berre for registreringa si skuld, no må vi drøfte om, eller kva for konsekvensar desse resultatata skal få for arbeidet vidare.

Geirmund Nordal

BETALING FOR VEGARBEID I 1829

Etter veglova av 28. juli 1824 var det vanleg ved nybygging eller omlegging av hovudvegar at gardbrukarane i det tinglaget som vegen gjekk gjennom, hadde plikt til å arbeide på vegen utan betaling.

Ved regjeringsresolusjon av 25. juli 1828 vart det vedteke at det skulle byggjast hovudveg frå Tøsse over Dragsund og Nørvesund til Ålesund. Gjennom Borgund tinglag (frå Ørskog grense til Steinvågen i Ålesund) var det gardbrukarane i Borgund tinglag som hadde arbeidsplikt på vegen. Då mange av dei arbeidspliktige (særleg dei som budde nærmast havet) var lite vant med vegarbeid og budde ulageleg til, ville dei heller yte pengar enn arbeide for dei dagane dei plikta til å arbeide.

Veginspektøren meinte at ein kunne leige dugande arbeidarar for 30 skilling for dag, og det vart til at vel tredjeparten av dei pliktige årlege dagsverk vart ytt i pengar med 30 skilling pr. dag. Første året (1829) tinga veginspektøren 12 mann med arbeidsformann frå Romsdal fogderi til arbeidet. Formannsløna var 2 skilling for dagen.

Arbeidstida var etter veglova frå kl. 6 om morgonen til kl. 12 middag, og frå kl. 2 ettermiddag til kl. 7 kveld, med ½ time opphald mellom kl. 9 og 10, og kl. 4 og 5. Den daglege arbeidstid vart såleis 10 timar, og timelønna 3 skilling, som svara til 10 øre.

B.R.

Veglaboratoriet spør:

KAN VI BYGGE MODERNE VEGER SOM IKKE ISER — MED

BÆRELAG AV SEMENTSTABILISERT GRUS?

Isdannelse på vegen er et problem som ikke bare trafikantene er opptatt av. Verden over er vegingeniørene opptatt av problemet. Idag bekjempes isdannelse med sandstrøing og salting, og det arbeides med varselsystemer, slik at strøing kan foretas før ising setter inn. Men hva er årsaken til at det enkelte steder danner seg is på vegen, mens andre vegstrekninger går fri? Er det med dagens kunnskaper ikke mulig å bygge vegene slik at ising kan unngås?

Tidligere har man søkt årsaken til ising i klimatiske forhold. Ising synes for eksempel å opptre hyppig på steder hvor vegen går i nærheten av vann og hvor luftfuktigheten derfor er høy. Men skillet mellom en isbelagt og en tørr overflate på vegen kan være meget skarpt, og det er ikke alltid man har klimaforhold å skylde på. Årsaken kan da søkes i selve vegkonstruksjonen.

Kondens og temperaturer

— I kalde, klare netter foregår det en varmeutstråling fra vegdekket til atmosfæren. Dermed synker temperaturen i vegdekket, men samtidig avkjøles også lufttemperaturen. Når så duggpunktet nås, danner det seg kondens som slår seg ned på vegens overflate, og vi får isdannelse. Det er særlig sent på høsten eller tidlig på vinteren dette skjer, det vil si på et tidspunkt da glatte veger kan komme som en overraskelse på bilistene som ennå ikke har skodd seg på vinteren. — Det er overingeniør Geir Refsdal ved Veglabopratoriet som forteller dette.

— Overflatetemperaturen på en veg er også avhengig av hvordan vegen er bygget opp. Dette er noe man tidligere ikke var klar over, men gjennom forskningsprosjektet «Frost i Jord» vet vi i dag at oppbyggingen av vegen betyr meget for hvordan vegen oppfører seg med hensyn til ising. Noe forenklet kan man si at jo mer fuktighet materialene rett under vegdekket inneholder, jo mindre rim og ising vil oppstå. Isingsmessig vil derfor et bærelag av grus være vesentlig bedre enn et bærelag av pukk. Dette skyldes at varmetapet i gruslaget lettere kompenseres ved den varme som oppstår ved nedkjøling av vannet i grusen, og varme kan lettere føres til vegoverflaten og hindre forskjellen i dekketemperatur og lufttemperatur i å bli for stor. Jo større denne forskjellen er, desto større er faren for ising.

Grusens fordeler — steinens styrke

Så man skulle tro at det bare var å bygge veger med skikkelig gruslag.

Men veger med stor trafikkbelastning krever også et mer stabilt bærelag enn grusen kan gi. Motorveger bygges idag stort sett opp av stein fra bunn til topp. Isingsmessig er dette altså ugunstigst, og disse vege-
ne vet vi har stor tendens til ising. Når man likevel ikke merker så meget til det, skyldes det salting og bruken av piggdekk som gjør at rim- eller islaget fort slites bort. Dersom man forbød bruken av piggdekk og kuttet ned på saltingen, ville man snart oppdage de ulemper en slik oppbygning har isingsmessig.

— Nå foregår det hele tiden en utvikling på dette området. Nye materialer og konstruksjoner tas i bruk og nye erfaringer vinnes. På Trondheimsvegen ved Jessheim har man for eksempel istedet for den tradisjonelle oppbygning benyttet se-



*Isingssituasjon på forsøksveg 17. nov. 1974 kl. 12³⁰ i Trondheim. Høyre halvdel er bygget opp med **grus** under asfalten. Venstre veghalvdel er bygget opp med **stein** under asfalten.*

mentstabilisert grus som bærelag. Et slikt lag har vist seg isingsmessig å ha grusens gode egenskaper.

Fordelaktig sementstabilisering

— I Norge er bruken av sementstabilisert grus stadig økende. Dette skyldes at materialet ofte kan konkurrere økonomisk med bærelag av pukk eller bitumenstabiliserte materialer. I tillegg har utførelsen altså fordeler isingsmessig, sier Geir Refsdal som legger til at metoden kanskje kan ha mere for seg enn man tidligere har trodd, ikke bare ved bygging av veger, men også ved anlegg av flyplasser.



Ved gjenfylling av grøften benyttes ofte grovere materialer enn de som ble gravet ut. Dette gir økt ising på vegoverflaten fordi dekketemperaturen her blir lavere.

Hvorledes man ødelegger et møte

NSB har utgitt en konferanse-guide med gode råd til kursarrangører. Den inneholder også noen «gode» råd om hvordan et møte eller kurs kan ødelegges på en perfekt måte:

»Gode råd til møtelederen

- Innkall til møtet uten å varsle på forhånd. Da vil kanskje ikke alle komme og deltakerne møter uforberedt.
- Gjør innledningen lang og les høyt fra notater og dokumenter som alle kjenner. Les lavt og monotont så ingen oppfattet hva som blir sagt.
- La de som er uenige få lov til å diskutere saken til bunns seg i mellom. Om de skulle begynne å moderere seg, kan møtelederen gi dem noen stikkord så får man diskusjonen i gang igjen. Dette blir ofte en god underholdning.
- Om diskusjonen skulle gå litt tregt, begynn da bare å diskutere skattetrykket i Norge eller den nye bilen som Jensen har kjøpt.
- Sørg for at andre utenfra kan komme inn og forstyrre, og at telefonen kan bli satt inn. Da får man vist hvor betydningsfull man er.
- Vær nøye med å få utdypet alle uvesentlige detaljer, gjerne så lenge at man ikke kommer fram til hovedsaken. Da slipper man kanskje å trekke konklusjonene også.
- Møtelederen er ansvarlig for møtet og han bør derfor bruke det meste av tiden selv og ikke kaste bort tiden med å høre på andre.
- Sørg for å utdype de litt naive spørsmålene slik at man får noe å le av. Skadefryd er den beste glede. Dette letter stemningen på møtet.

Gode råd til motedeltakerne

Møtedeltakerne har nok ikke fullt så gode muligheter til å ødelegge et møte som møtelederen har, men det finnes mange muligheter. Den oppfinnsomme deltaker kan sikkert finne flere enn de som er nevnt her.


- Sørg for å være dårlig forberedt og be møtelederen utdype bakgrunnsmateriellet.
- Det er viktig å få med alle detaljer og få disse grundig belyst selv om de ikke betyr noe for hovedsaken.
- Ikke hør etter hva andre sier, bruk heller tiden til å planlegge motargumenter.
- Vær uenig i formålet med møtet, foreslå endringer og be om en annen dagsorden slik at det hele forsinkes unødvendig.
- Avbryt de som snakker og kom med dine egne synspunkter.
- Får man ikke de andre til å godta ditt forslag, er det viktig å gjenta det så ofte som mulig slik at de andre går trett.
- Om noen kommer med forslag som man er uenig i, bør man vri på det, misforstå det og få igang en diskusjon om at det ikke hører til dagsorden. Bruk alle midler for å få rett.
- Ta stadig opp igjen spørsmål som er behandlet tidligere og reis tvil om riktigheten av tidligere konklusjoner.
- Prat hyggelig med sidemannen under de innleggene som ikke interesserer, eller når møtelederen forsøker å komme videre.
- Diskuter grundig hvert punkt i referatet og glem ikke å få med riktig valg av ord, setningsoppbygging og plasseringen av tegn o. l. Det er mange muligheter på dette området også.»

(Vennligst glem det du nettopp leste!

Vennlig hilsen kursavdelingen)

David Strømme fortel:

Då nyvegen vart til



Presentasjon av forteljaren:

David Strømme, fødd 1915, har vakse opp i eit vegarbeidarmiljø, og har sjølv i lang tid vore vegarbeidar. Far-en Carl D. Strømme (1884-1963) var første riksvegvakter i Eid, og mora Mathilde hadde sitt å fortelje om vegarbeidsliv frå hundreårsskiftet. Her fortel David Strømme dette vidare.

I mor si barndomstid var det i åra 1895-1905 innlosjert vegarbeidarar i hennar heim i Kolmannvika i Grytten. Ho har fortald meg korleis karane budde og matstelte seg då. Det var tre vegarbeidarar som hadde rom på loftet i Kolmannvika. Når middagsmaten skulle lagast, var det om å gjera å ha «fellesstart», difor vart ei og same gryte nytta. Var det

